



Verksemdsplan 2019

Blomvåg skule

"Læring og trivsel hand i hand "

BLOMVÅG SKULE Høgeseto 3 5337 RONG

Tlf: ekspedisjon: 56382450/52

Sfo : 90054031/ 90050871



GENERELL DEL

Blomvåg skule er ein av fire barneskular i Øygarden. På skulen er det 97 elevar (pr. 11.02.2019). På noverande tidspunktet går det 26 born på SFO. Skulen ligg på Høgeseto på Blomøy, og elvane kjem frå Blomøy, Oen, Breivik og Herdlevær. Den aller første skulen vart bygd i Blomvåg i 1865. No består skulen av «gamle bygget» frå 1965, «nybygget» frå 2002 og SFO-base. Det er gang- og sykkelveg fram til skulen for elevane som bur i Blomvåg. Elevane frå Oen, Breivik og Herdlevær kjem med skulebuss.

Dette skuleåret har me 14,60 årsverk på Blomvåg skule.

Leiing	1,24
Kontor	0,5
Sfo-leiar	1,0
Assistent sfo	0,97
Assistent skule	1.83
Lærarar	9,06
	14,60

Andre funksjonar:

Skulen er også øvingsskule for Høgskulen på Vestlandet, så her er det ulike studentar og studentgrupper i periodar av skuleåret.

Skulen har ein person inne via NAV på språk- og arbeidstrening.

Bibliotekansvarleg er ein del av den sentraliserte bibliotekstenesta og er på skulen annankvar måndag, i tillegg utfører bibliotekansvarleg opplæringsplanen til biblioteket. Utanom den tida administrerer skulane skulebiblioteka sjølve. Samarbeidet med biblioteket er godt.

Skulen har helsesøster som er på skulen kvar onsdag.

Oppfølging på IKT skjer frå Rådhuset.

Ambulerande vaktmeisterteneste.

1 reinholdarar, ein i 100 % stilling og ein i 40% stilling.

Organisering av arbeidstid for personale

Rektor : Måndag – fredag 07.30 – 15.30

Pedagogisk personale :

Måndag : 08.10 – 15.00

Tysdag: 08.10 – 15.25

Onsdag : 08.10 – 15.00

Torsdag : 08.10 – 15.00

Fredag : 08.10 – 13.50

Fagarbeidarar/Assistentar: Ulik tid innafor tidsrommet 07.00-17.00

Kontormedarbeidar: Måndag, onsdag og annan kvar fredag

Reinhaldar: Vask på morgon og dagtid.

Læreplanen «Kunnskapsløftet» og opplæringslova med forskrifter er det overordna styringsdokumentet for grunnskulen i Norge. Verksemdsplanen er det overordna og samordnande plandokumentet for skulen, og eit arbeidsverktøy for planarbeid, utviklingsarbeid og vurderingsarbeid. Planen er eit styringsdokument og retningsgjevande for den pedagogiske verksemda ved skulen. I tillegg skal planen gje informasjon som er med å dokumentere at opplæringstilbod vert gjeve i samsvar med lov, forskrift og læreplan.

1.0 OVERORDNA KOMMUNALE / POLITISKE MÅLSETJINGAR**Visjon for Øygarden kommune:**

Brubyggjaren – me byggjer bruer mellom folk.

Fokusområde: Brukarfokus, kompetanse og kvalitet.

Verdigrunnlag: Lojal, ærleg og raus.

Strategiar i Kommuneplanen 2014-2022 knytt til skule:

- Barn og unge skal sikrast eit godt oppvekstmiljø som gjev tryggleik, omsorg og utvikling.
- Barn og unge skal gjennom grunnskuleopplæringa sikrast tilfredstillande kunnskapar og positive haldningar.
- Kommunen skal styrka samarbeidet mellom skulane gjennom kunnskapsdeling og erfaringsoverføring.
- FAU si rolle skal tydeleggjerast og styrkjast for å utvikla skulen.

Tenestemål skule 2018-2021:

- Alle lærarane skal praktisera undervegs vurdering i tråd med dei fire prinsippa i «Vurdering for læring».
- Grunnskulepoenga skal liggja på landssnittet eller over.
- Gjennomsnittresultata på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller over.
- Andelen elevar på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller under.
- Andelen lærarar med universitets-/ høgskuleutdanning og pedagogisk utdanning skal liggja på landssnittet eller over.
- Trivsel i skulen og andelen elevar som opplever seg mobba, slik det vert målt i elevundersøkinga, skal liggja på landssnittet eller betre.
- Lærarane og assistentene i skule og SFO skal få opplæring i «De utrolige Årene».
- Ein skal arbeida for at andelen elevar som har spesialundervisning, ligg på landssnittet eller under.
- Tal elevar i SFO pr. årsverk skal liggja på landssnittet eller under.
- Tilsette må visa endringsvilje og ta på seg nye oppgåver i samband med etablering av nye Øygarden kommune.

2.0 OVERORDNA MÅL FOR EININGA

Visjon for Blomvåg skule: «Læring og trivsel hand i hand».

Felles mål for skulane i Øygarden kommune	Tiltak i høve til felles tenestemål - Blomvåg skule
Alle lærarane skal praktisera undervegs-vurdering i tråd med dei fire prinsippa i «Vurdering for læring».	Skulane i Øygarden kommune har gjennomført Udir sitt «prosjekt» «Vurdering for læring» og jobbar i h.h.t. til dei 4 prinsippa om at elevane lærer best når dei: - forstår kva dei skal læra, og kva som er forventa av dei - får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen - får råd om korleis dei kan forbetra seg - er involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og utvikling
Grunnskulepoenga skal liggja på landssnittet eller over.	Gjeld ungdomsskulen.
Gjennomsnittresultata på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller over.	Me har høg fokus på fagleg oppfølging, klasseleiing, tilpassa opplæring og me har tilgang på funksjonelle læremiddel. Me skal førebu og motivera elevane til å gjennomføre nasjonale prøvar slik at dei får vist den reelle kompetansen sin.

Andelen elevar på lågaste meistringsnivå på dei nasjonale prøvane skal liggja på landssnittet eller under.	Tidleg innsats og fortløpande oppfølging i h.h.t. tilgjengelege ressursar. Måten me organiserer spesialundervisninga på gjer til at me kan ta inn elevar som treng ekstra tilpassing i korte/intensive periodar. Me skal også arbeida med å utvikla den digitale kompetansen til både lærarar og elevar, slik at verktøyet Chrome-book vert eit godt, lærerikt og nyttig digitalt verktøy.
Andelen lærarar med universitets-/høgskule-utdanning og pedagogisk utdanning skal liggja på landssnittet eller over.	Alle lærarane på Blomvåg skule har godkjent fagleg og pedagogisk utdanning.
Trivsel i skulen og andelen elevar som opplever seg mobba, slik det vert målt i elevundersøkinga, skal liggja på landssnittet eller betre	Blomvåg skule er sertifisert som Olweus skule. Me held fokus på at læringsmiljøet skal vera inkluderande og mobbefritt. På kvar utviklingssamtale skal alle elevar saman med føresette skriftleg melda frå om dei vert utsett for mobbing eller ikkje. Dette er også eit eige punkt på elevsamtalane minst to gongar pr.år. Viss det vert meldt inn mobbesaker, vert desse handtert etter prosedyren frå «Skolemiljø UDIR-3-2017»
Lærarane og assistentane i skule og SFO skal få opplæring i «De utrolige Årene».	Heile personalet på Blomvåg skule har vore, og er med på kurset «Dei utrullege åra» skuleåret 2018-19. Familiens hus står for opplæringa.
Ein skal arbeida for at andelen elevar som har spesialundervisning, ligg på landssnittet eller under.	Spesialundervisning vert berre gjeve til elevar med spesielle og utfordrande vanskar og funksjonshemningar i h.h.t. sakkunnig vurdering.
Tal elevar i SFO pr. årsverk skal liggja på landssnittet eller under.	Bemanningsnorma i kommunen ligg til grunn ved fordeling av personalet.

2.1 Tenestemål folkehelse og førebygging som vedkjem skule 2018-2021

- Skular, SFO og barnehagar skal følgja Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid.
- Skulane skal leggja til rett for minimum 30 min dagleg fysisk aktivitet for alle elevar.
- Prosjektet «Alle barn sykklar» vert vidareført etter sykkel-VM i tråd med tiltak i kommunen sin Trafikksikringsplan.

Felles mål for skulane i Øygarden kommune	Tiltak i høve til felles tenestemål – Blomvåg skule
Skular, SFO og barnehagar skal følgja Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid.	Skulen har fokus på sunt kosthald. Me oppmodar til sunne matpakkar Elevane får tilbod om å bestilla frukt og mjølk. Me har skulekantine 1 gong i veka I faget mat/helse på 4. og 6.trinn har me fokus på sunt kosthold. Alle elevane får 20 min matpause.
Skulane skal leggja til rett for minimum 30 min dagleg fysisk aktivitet for alle elevar.	Blomvåg skule legg stor vekt på fysisk aktivitet: Mellomtrinnet har obligatorisk fysisk aktivitet to gongar pr. veke utanom gym-timane. Småskuletrinnet har tilbod om organiserte leikeaktivitetar 30 min to gongar pr. veke. Alle klassane er på symjing 5-6 gongar i løpet av året. Me har uteskule, og uteaktivitetar er prioritert på alle trinna. I tillegg til dette arbeidar me for å integrera fysisk aktivitet i alle faga på ulike vis. Me har felles-turar og ulike dagar med fysisk aktivitet for heile skulen fleire gongar kvart år.
Prosjektet «Alle barn sykklar» vert vidareført etter sykkel-VM i tråd med tiltak i kommunen sin Trafikksikringsplan.	Skulen har i 2018 gjennomført «Alle barn sykklar» i 4. klasse.

3.0 UTVIKLINGSMÅL FOR BLOMVÅG SKULE

3.1. Prioriterte område

Faglege mål for Blomvåg skule	Tiltak
Elevvurdering: Vidareutvikla skulen sitt vurderings-system i tråd med intensjonen i prosjektet «Vurdering for læring».	Målretta arbeid knytt til systemretta elevvurdering / vurdering for læring med vekt på undervegs vurdering, framovervurdering og elevmedverknad.
Elektronisk formidling: Aktiv bruk av digitale verktøy som interaktive tavler og IKT. Vidare satsing på oppdatering av IT-utstyr 3 klassar ved skulen fekk Chrome-book til skulestart skuleåret 18/19. I februar 2019 fekk ytterlegare 3 klassar Chrome-book.	Bruk av digitale verktøy som integrert og naturleg del i alle fag. Me har hatt og har inne ein ressursperson som har opplæring med personalet i Google-suite som er der plattformen som vert nytta på chrome-book.
Lesestimulerande tiltak: Utvikla funksjonell leseugleik og fokusera på leselest og leseglede.	Stort fokus på tidleg innsats og forsterka opplæring. Systematisk kartlegging av lese tempo og leseforståing. Lesestimuleringsprosjekt på alle trinn. Intensive lese- og skrivekurs for dei som treng ekstra oppfølging. Fokus på strategiar og metodar for leseopplæring og leseutvikling. Samarbeid med biblioteket.
Klasseleiing: Arbeida mot relasjonsbasert klasseleiing i DUÅ-«ånd».	Gode rutinar for evaluering, elevoppfølging og kommunikasjon med foreldre. Alle dei tilsette har i skuleåret 18/19 delteke på DUÅ-kurs.
Erfaringsutveksling mellom dei tilsette på skulen	Me vil arbeida med intern delingskultur. Dette skuleåret har me arbeidd med opplæring på Chrome-book i G-suite.
Spesialundervisning/ tilpassa opplæring	Me arbeidar framleis med å få til eit godt arbeid innanfor spesialundervisning og tilpassa opplæring.
Innskulering –begynnaropplæring: Oppstarten på skuleløpet bør vera så godt og strukturert gjennomført at ein ikkje seinare må setja inn mange kompensierende tiltak	Innføra god struktur frå skulestart i 1. klasse og gje rettleiing og opplæring i klasseleiing til evt. nye lærarar. Leiinga ved skulen har både rettleiaransvar og ansvar for å fordela skulen sine samla ressursar på ein god måte.

Me gjennomfører årleg kartleggingsprøver av funksjonsnivå i lesing, engelsk og matematikk på alle trinn. I tillegg gjennomfører 5.trinn nasjonale prøver i lesing, engelsk og rekning.	Me arbeidar for å oppnå så gode resultat som mogleg. Me vil arbeida for å verta betre på tilbakemelding gjennom å bruka verktøyet Engange/Vokal.
Miljø: Me skal bestreva oss på å gjera ein så god jobb at Blomvåg skule får positiv omtale for sitt læringsmiljø. Godt heim-skule samarbeid. Elevundersøking	God klasseleiing. Inkludera bygda som ein del av skulen (arrangement). Me skal arbeida for å ha gode samarbeidsformer mellom heim og skule knytt til kommunikasjon, informasjon og evalueringsrutinar. God kommunikasjon med Fau. Elevundersøkinga er ei nettbasert spørjeundersøking som vert gjennomført på 7.trinn. Elevane får her seia kva dei meiner om læring og trivsel på skulen. Alle elevane på Blomvåg skule skal oppleva eit godt og inkluderande lærings- og sosialt miljø, med 0 toleranse for mobbing.
«Det digitale klasserommet» /Google classroom.	Ved oppstart på skuleåret 18/19 begynte elevane i tre klassar ved skulen å arbeida på Chrome-book. Det er eit mål at alle elevane ved skulen skal få kvar si Chrome-book i løpet av skuleåret.
Økonomi: Samla budsjett for Blomvåg skule og SFO er for 2019 på kr. ca.10.9 mill.	Halde budsjettet, og arbeida for ei realistisk drift av skulen i henhald til driftstilpassingsprosjekt.
Sjukefråvere:	Me skal arbeida for å ha eit nærvær på rundt 93%

4.0 MÅL FOR HMT Me skal ha høgt nærvær. Stadig arbeida for å ha eit godt og inkluderande arbeidsmiljø, og som fremjar høg trivsel og er fritt for fysiske og psykiske belastningar. På Blomvåg skule skal me ha eit trygt, godt, utviklande og meningsfylt arbeidsmiljø. Ha høg score på raustesten (medarbeidarsamtale) og på medarbeidarundersøkinga. Blomvåg skule skal vera ein inkluderande og lærande organisasjon med vekt på gode informasjonsrutinar og god oppfølging.	Tett oppfølging av sjukemelde. Arbeida for «ikkje arbeidsrelatert sjukefråvere». Sosiale tiltak Som IA-bedrift skal me sikra at alle dei tilsette opplever eit inkluderande og godt psykososialt arbeidsmiljø. Alle arbeidar mot same målet. Ha gode rutinar for informasjonsflyt. Me skal ha ein tett, positiv og god relasjon mellom leiing, tilsette og tillitsvalde.
---	---

5.0 KOMPETANSEUTVIKLING

Ved Blomvåg skule skjer dette gjennom:

- Intern rettleiing og opplæring av nye lærarar.
- Samarbeide med ulike fagmiljø
- Å vera øvingsskule for Høgskulen på Vestlandet, og for NLA
- Felles kursing av personalet.
- Vidareutdanning gjennom UDIR og Øygarden kommune.

5.1 ORGANISASJON, leiing, samarbeid og møteplassar

På Blomvåg skule består leiinga av rektor, avdelingsleiar og Sfo leiar. Me har sekretær tilsett i 50% stilling.

På skulen har me ulike møte- og samarbeidsplassar.

Leiarmøte

Rektor og avdelingsleiar har møte kvar veke. Sfo leiar er med ved behov.

Pedagogisk utviklingsmøte (Pu-tid)

Leing og lærarpersonalet har møte kvar tysdag. Dette møtet er undervisningspersonalet sin arena for utvikling- og samordning av opplæringa ved skulen.

Samrådsmøter

Her møtes kontaktlærar, faglærarar og fagarbeidarar som arbeidar i same klasse. Her informerer og planlegg ein for ein periode, ei veke, og eventuelle prosjekt. Her er det og fokus på eventuelle utfordringar og tiltak ein må gjera for å kunna gje best mogeleg tilpassa undervisning for elevane.

Ressursteamet (spes.ped team)

Dette teamet ved skulen består av rektor, avdelingsleiar og spes.ped koordinator. Ressursteamet sitt arbeid er å hjelpa til med å utvikle kvaliteten på skulen sitt arbeid med å førebyggja, avdekka og avhjelpa vanskar. Dette skjer mellom anna ved rettleiing, og utvikling av det daglege arbeidet med forsterka og tilpassa opplæring, samt spesialundervisninga.

Basisgruppemøte

Dette er eit møte i regi av Familiens hus, og er ein møteplass der skulen kan ta opp eventuelle utfordringar og problemstillingar. Me har fokus på at dette skal vera eit låg-terskel tilbod.

Sfo-møte/fagarbeidarmøte

Dette er møtepunktet for fagarbeidarane i skule og Sfo. Dei har møte kvar veke. Rektor er med ved ønskje og behov. Sfo-leiar er ansvarleg for møtet. På møtet tek ein for seg periode- og vekeplanlegging, andre aktuelle saker og utfordringar.

Tre-partsmøte

Dette er eit møte mellom verneombod, tillitsvelte og rektor. Me har som målsetjing å ha møte ein gong pr måned.

Elevråd

Her møter 8 elevrådsrepresentantar (frå 4.-7.klasse) til møte anna kvar veke. Elevrådet ved skulen vår hjelper til med å skapa eit godt læringsmiljø og eit positivt og trivelg elevmiljø. Elevrådet arbeidar med saker som vert teke opp i klassane.

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (Fau)

Dette er eit møte for foreldrerådsrepresentantar, 2 frå kvar klasse, 14 stk. Rektor er med i byrjinga av desse møta. Fau har møte ca. kvar 6.veke, og arbeidar for medverknad for at læringsmiljøet til elevane ved skulen er trygt og godt. Leiar og nestleiar i Fau er med i Kommunalt Fau.

Samarbeidsutvalet (Su)

Dette utvalet ved skulen består av: 2 lærarar, 1 frå andre tilsette, 2 frå Fau, 2 frå elevrådet, 1 politisk valt og rektor. Su uttalar seg i saker som vedkjem skulen. Dette kan vera budsjett, verksemdsplan, ordensreglement, trafikktilhøva for elevane, skulevurdering, heim-skule samarbeid...osv.

Skulemiljøutvalet (Smu)

2 lærarar, 1 frå andre tilsette, 3 frå Fau, 2 frå elevrådet, 1 politisk valt og rektor. Skulemiljøutvalt er nesten identisk med Su, men er utvida med 1 foreldrerepresentant slik at foreldra og elevane er i fleirtal. Skulemiljøutvalet uttalar seg i saker om skulemiljøet og er eit rådgjevande organ.

INFORMASJONSTILTAK

Skulen har eigen nettside der ein legg ut informasjon som gjeld heile skulen og informasjon på klassenivå. www.blomvag.skule.no

Me nyttar felles sms til alle føresette når viktig melding skal ut. Denne form for melding vert nytta både klassevis, og frå rektor som sender ut til alle føresette.

Linda Haugstad
Rektor

22.02.2019
(oppdatert)